



Joa og Dagny imponerte med flott fiolinspel under Småstjerner i fjor. Det er framleis ledige plassar i år.

**Då påmeldingsfristen til FestidaGen gjekk ut onsdag, var nokre av aktivitetane fullteikna. Det gjeld Nysirkus, Mini-Nysirkus og Make Up & Hår. På dei andre aktivitetane er det framleis plass til fleire. Det varierer kor mange ledige plassar det er, og det er prinsippet om «førstemann til mølla» som gjeld ved tildeling av plassar.**

Aktivitetane startar med **Sjakk-i-dalen** onsdag 2.august, og så held FestidaGen fram torsdag og fredag før det heile vert avslutta med stort FestidaGen-show i Aktivitetshuset laurdag.

Det er altså framleis ledige plassar på **Sjakk-i-dalen, Character Design, Restauranten, Marimba-workshop, Redesign, Breakdance/Hiphop, Yoga-sprell, Draumefangar og Instrumentbygging** i tillegg til **Småstjerners** som kvart år er eit populært innslag under FestidaGen-showet.

Meir informasjon om tilboda finn de på under fana for FestidaGen på heimesida [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no). Der finn de også påmeldingsskjema.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Festidalen/Stig Framnes.

